

# MOTMÆLE

GJEVE UT AV NORSK MÅLUNGDOM • FRAMHALD AV EG • 30. ÅRGANGEN • 30 KR

04-16  
NR 83



## Jubileum i Nidaros

I år feira Studentmållaget i Nidaros heile 100 år! Det feira dei med mellom anna konsert og boklansering.

SIDE 10



## Nynorsk sjølvrensing

Mange nynorskbrukarar bruker ikkje nynorsk i det daglege – og sensuren legg dei ofte på seg sjølv. Det er det ingen grunn til.

SIDE 16-17

## Kamp og omkamp om språknamn

Då nynorsk og bokmål vart heitande som så, var dei ikkje dei einaste forslaga på bordet.

SIDE 12



## Nynorske julegaver

Visste du at Norsk Målungdom sel fine nynorskting? Dei er fine julegaver til målfolk og anna folk!

SIDE 15



## Samisk revitalisering

Fleire piler peikar oppover for dei samiske språka. Bakom står mange kvardagsheltar og lange kampar for rettar.

SIDE 8-9

Billete: Mahlum / Wikimedia Commons



## Skål for fleirspråk!

I år var temaet for haustkonferansen «fleirspråkleg framtid», og konklusjonen er at fleirspråk er noko å skåle for.

SIDE 6-7

## bladstyrarteigen



**T**idlegare i haust var eg på reise med Nynorskstafetten. Ein av dagane møtte me ein ordførar som forklarte engasjementet sitt slik: «Eg er ikkje nynorskfanatkar, men ...» Ho er ikkje den einaste som skildrar det slik. Då *Debatten* på NRK hadde den nye Vestlandsregionen som tema, møtte Lars Helle Audhild Gregoriusdotter Rotevatn til debatt. Då sa han: «Ein treng ikkje eit eige vedtak som set det eine språket framfor det andre. Det er eit problem når nynorskfundamentalistane set ting på spissen slik.»

Eg blir fyrst og fremst amper når folk snakkar om nynorskfundamentalistar eller -fanatkarar, for det er ord ein assosierer med handlingar som ligg langt unna det me driv med som målungdomar. Dessutan syner ein slik ordbruk at engasjement i mål-saka openbert har ein annan verdi for mange enn anna engasjement. Når høyrde du sist om ein miljøfundamentalist eller ein menneskerettsfanatkar?

Heldigvis finn ein, som vanleg, trøyst i *Nynorskordboka*. Der står òg denne tydinga nemnd i artikkelen om fundamentalisme: *usvikeleg, kompromisslaus tru eller haldning*. Då vert det straks litt betre. Me er mange som har ei usvikeleg og kompromisslaus tru på nynorsken. Det må ein ha når ein set seg føre å lage meir rom for seg sjølv i eit samfunn der eit anna språk er så synleg at det får status som nøytralt og normalt. Ein kan forhandle seg fram til mykje, men retten til å bruke språket sitt og til å sjå det i bruk på alle samfunnsområde kan aldri vere noko ein kjøpslår om på lik line med tannhelse-teneste og vegutbygging.

Mykje av stoffet i denne utgåva syner kor viktig ei kompromisslaus tru på saka er. I forhandlingane om den nye Vestlandsregionen har språket regionen skal ha, vore oppe til diskusjon, og Studentmållaget i Bergen med fleire har sagt klart ifrå at det må bli nynorsk. Ei kompromisslaus tru gjeld sjølvstendig ikkje berre når ein jobbar for nynorsk, men òg for andre språk, noko tekstene om samisk og fransk i Canada syner.

Kirsti Lunde

## Julenøtt: Kva er klokka?



Fast: Tre på halv tolv

## leiarteigen

## Ingen nynorsk – inga avtale!



**M**e vert stadig minte på kvifor det er så viktig at me engasjerer oss for språket vårt. Denne hausten er nynorsk i Vestlandsregionen ei av dei absolutt viktigaste sakene me jobbar med, og saka viser tydeleg at me treng ungdom landet rundt som er med i kampen for å fremje nynorsk-en. Gode språkpolitiske vedtak kjem diverre ikkje alltid av seg sjølv, men som målungdomar kan me spreie kunnskap, jobbe for gode språkhaldningar og påverke dei som sit med makta, og såleis bidra til at språkmangfaldet vert styrkt.

Det kom ikkje mange fine ord ut av munnen den dagen det vart klart at nynorsken i Vestlandsregionen ikkje var sikra, og det var eg ikkje åleine om. Når nynorsken står på spel der han er heilt sjølvstendig, vekker det sjølvstendig sterke kjensler, og det var beint fram sjokkerande at dette ikkje var på plass frå fyrste stund. Nynorskbrukarane og nynorsken fortener betre enn det.

Sidan saka kom opp, har debatten rulla og gått, og mange står på for at nynorsk skal vere språket i Vestlandsregionen. Noko av det viktigaste me må gjere, er å kome tanken om at språknøytralitet er nøytralt, til livs. Språknøytralitet er ikkje jamgodt med jamstilling, og ei slik avgjerd vil aldri vere nøytral. Å handsome to språk med vidt ulike vilkår i samfunnet på lik line vil i praksis seie å favorisere det største språket. Av erfaring veit me at språkleg nøytralitet tyder at bokmålet vil rå, og at nynorsken på sikt vil bli svekt, og det kan me ikkje finne oss i.

Vestlandet er viktig for nynorsken, og nynorsken er viktig for Vestlandet. Me treng politikarar som tek ansvar for språka våre, og å fastsetje at nynorsk skal vere språket i Vestlandsregionen, vil vere å ta ansvaret på alvor. For at dei mange hundretusen nynorskbru-

karane i Vestlandsregionen skal ha like gode språklege vilkår som i dag, er eit vedtak om nynorsk avgjerande. At så mange engasjerer seg i denne saka, syner kor viktig språket vårt er for oss. Noko så viktig kan me ikkje late bli eit forhandlingskort på lik line med alt anna ein skal forhandle om. Det handlar ikkje om kroner eller øre, men noko som er avgjerande for posisjonen til nynorsken og for høvet til å bli møtt med språket sitt i kvardagen.

Alle dei tre fylka Vestlandsregionen femnar om, har no saka ute på høyring. Når Motmæle dumpar ned i postkassa di, nærmar høyringsrundane seg slutten, men kanskje rekk du eller lokallaget ditt å sende inn eit høyringssvar for å be politikarane om å gå for den sjølvstendige avgjerda: nynorsk i Vestlandsregionen. Eller kanskje kjenner du ein politikar du kan ta deg ein prat med? Røysta til Målungdomen er i alle høve klår og tydeleg: Ingen nynorsk – inga avtale!

Synnøve Marie Sætre  
synnove.marie@nynorsk.no

Norsk Målungdom  
Postboks 285 Sentrum  
0103 OSLO  
E-post: kirsti@nynorsk.no  
Telefon: 23 00 29 40  
ISSN: 0809-2109

Bladstyrar: Kirsti Lunde  
Bladstyret: Synneve Øien Frøyen  
Fredrik Heimsæter  
Ivar Mekonnen Germiso Arnesen  
Vegard Storsul Opdahl  
Bladbunad: Vegard Storsul Opdahl

Korrektur: Vegard Storsul Opdahl  
Prenteverk: Sogn og Fjordane  
avistrykk  
Tinging (eitt år): 200 kr  
Sal av lysingar: Rimelege prisar  
etter avtale. Ta kontakt på  
kirsti@nynorsk.no.

Bidrag: Me tek gjerne imot stoff  
frå lesarane. Artikkelførfattarane  
står sjølv ansvarlege for innhal-  
det i artiklane sine.

# Kom til Kvam



13. - 15. januar er det vinterleir på Kvam i Gudbrandsdalen. Det vert ski og skulering, kos og kakao. Det kostar berre 300 kroner, og me dekkjer rimeleg reiseveg.

Les meir og bli med på  
[malungdom.no/vinterleir](http://malungdom.no/vinterleir)



## Bergen viser teikn til språkmangfald!

Bergen bystyre vedtok nyleg at ein skal prøva ut teiknspråk som valfag på ungdomstrinnet ved Nattland skole. Landsstyret i Norsk Målungdom ser dette prøveprosjektet som svært positivt, og vonar at fleire skular vil følgja etter.

Det vil ha svært mykje å seia for teiknspråkbrukarar at fleire lærer seg språket. Då vert det lettare å ha kontakt med andre utan å måtte ha ein teiknspråktolk til stades. Dette er heilt klart med på å gjera det lettare for dei med nedsett høyrslé å verta inkluderte i samfunnet, både med omsyn til å kunna få seg jobb, men òg for å få nye vener.

Landsstyret i Norsk Målungdom vonar at prøveprosjektet vert vellukka, og at tilbodet vert gjort tilgjengeleg på flest mogleg skular på permanent basis.



## Blad fram nynorsken!

Den 25. oktober i år kom Fredriksstad Blad ut på nynorsk. Landsstyret i Norsk Målungdom meiner dette er eit framifrå tiltak for å syne fram språkmangfaldet og til slå fast at nynorsken høyrer til i heile Noreg.

For tre år sidan valde Fredriksstad Blad å gi ut avisa heilt omsett til fredrikstadsdialekt. Dette var eit tiltak for å skapa større merksemd og interesse for østfolddialektane. Denne gongen er det nynorsken som har blitt trekt fram. Framleis er det mange riksaviser som ikkje tillèt nynorsk. At ei lokalavis i eit stork der bokmål er eierådande no tek på seg ansvaret for å vise fram nynorsken, bør dei merke seg. Særleg gjeld dette VG og Dagbladet som har redaksjonelt forbod mot nynorsk.

Landsstyret i Norsk Målungdom ønskjer med dette å gratulere Fredriksstad Blad og oppmode andre bokmålsaviser til å gjera liknande forsøk. Syn nynorsken fram!

## STUDENTMÅLLAGET I BERGEN FEIRAR JUBILEUM:

# Me er 70 år, hurra!

Den 23. oktober 2016 var endeleg dagen her: Studentmållaget i Bergen vart endeleg offisielt heile 70 år. Det måtte feirast! Me inviterte til bursdagsfest på kontoret, og sjølv om festen starta sundag ettermiddag og mange nok eigentleg var travle, samla me likevel den trivelegaste gjengen i byen utan problem.

Ein skikkeleg kakefest skulle det vera (sjølv om talet på kaker visstnok var litt i minste laget etter sunnmørsstandard), og i tillegg til heimebakst av skrivar og leiar fekk dimesd nestleiar prøvd seg på å tinga jubileumskake på internett. Kaka, av type «kvit dame», tok seg nydeleg ut med ein stor, blå SmiB-logo omkransa av marsipanrosar og annan pynt. Og at kakeeting er populært, vart berre meir tydeleg då ein av deltakarane entra lokalet med kommentaren: «Kake, kake, kake!»

Etter ein del kakeeting og skåling i Mozell stod det kviss på programmet, leia av skrivar Aslaug. Kvissen var innhaldsrik og variert (og med lett forståeleg poengfordeling!), og det var ein kategori for kvart tiår sidan lags-



stiftinga i 1946. Til dømes var eitt av tiåra representert med musikk, eitt anna med Harry Potter. Vinnarlaget «Ivar er blå i fjeset» var nøgd med Twist-premien og delte gladeleg med resten. Etterpå vart det meir kakeeting, adjektivforteljing om dei siste

SmiB-åra, og kos og fjas.

Skål for dei 70 siste åra, for dei 70 neste, for SmiB, for målrørsla, for Ivar, nynorsken og Bergen. Hurra!

SmiB

## Meir språkpolitikk, takk!

Dei siste månadane har fleire ungdomsparti hatt landsmøte, og ut av fleire av møta har det kome god språkpolitikk.

På landsmøtet sitt i byrjinga av august vedtok Raud Ungdom offisielt namn på samisk og kvensk. I tillegg til å heite både Raud og Rød Ungdom heiter ungdomspartiet no òg Rukses Nuorat og Punaiset Nuoret. Å vedta namn på samisk og kvensk er ei tydeleg anerkjening av det norske språkmangfaldet.

Slik som Raud Ungdom ynskjer også Unge Venstre at dei samiske språka, dei nasjonale minoritetspråka kvensk, romani og romanes og norsk teiknspråk må få ein styrkt posisjon i samfunnet. På landsmøtet i slutten av oktober gjekk dei inn for ei politisk plattform der desse tiltaka blir nemnde: styrkje retten døve og familiane deira har til teiknspråksopplæring, fase inn flerspråkleg skilting i samiske og kvenske område og utvikle fleire læremiddel til opplæringa i språka.

Unge Venstre vil òg styrkje språkrettane til elevar på ungdomsskulen. I dag har elevane berre rett til undervisning på hovudmålet sitt fram til 7. klasse, men Unge Venstre vedtok å utvide denne retten til å gjelde ungdomsskulen òg med denne formuleringa: «Unge Venstre vil at elevenes rett til undervisning på hovudmål utvides fra å bare gjelde de sju første årene på grunnskolen til å gjelde ut grunnskolen. Kommuner i språkdelte områder skal så lagt som mulig



Landsmøtet til Senterungdommen var mellom dei som har vedteke god målpolitikk i det siste. Foto: Senterungdommen

få støtte til å gjennomføre helt eller delvis språkdelt undervisning. Det er hovudmålet til elevane, ikke undervisningspersonalet, som skal styre valg av undervisningspråk på ungdomskolen.»

I tillegg vedtok dei å styrkje opplæringa i og på nynorsk i lærarutdanningane, slik at studentane som kjem ut i skulen som lærarar, er rusta til å undervise i og på både nynorsk og bokmål, både som hovudmål og sidemål.

Også Senterungdommen gjekk inn for å styrkje samisk språk på landsmøtet sitt i byrjinga av november då dei gjorde vedtak om å stimulere fleire kommunar til å bli ein del av forvaltningsområdet for samisk språk. I tillegg inneheld stortingsvalprogrammet deira fleire andre språkpolitiske vedtak. Dei gjekk inn for at sidemålsundervisninga skal byrje tidlegare

på barneskulen, og at ein skal bruke sidemål i andre fag enn norsk på ungdomsskulen og i den vidaregåande skulen. Dessutan vart det vedteke at kompetansen til lærarstudentar i nynorsk og bokmål skal kome fram på vitnemålet.

Senterungdommen gjorde òg to vedtak om overordna språkrettar for nynorskbrukarar. Dei vedtok at mållova og andre språklege rettars skal fylgjast opp i skulen, offentleg administrasjon og i offentlege verksemdar, og toppa den språkpolitiske hausten i ungdomspartia då dei vedtok at likestillinga mellom nynorsk og bokmål skal grunnlovsfestast.

KIRSTI LUNDE



## Studiebygda Volda

Volda er kjent for eit godt studentmiljø, med eit mangfald av lag og organisasjonar. Engasjerte studentar gir studiebygda årlege høgdepunkt som Fadderveka, Animation Volda, VEKA, Den Norske Dokumentarfilmfestivalen og X2. Høgskulen i Volda har om lag 4000 studentar, og er av dei største i landet på internasjonalisering.

Høgskulen tilbyr mellom anna studium innan:

- Norsk (Årsstudium)
- Engelsk (Årsstudium)
- Språk og litteratur (Bachelor)
- Nynorsk (Master)
- Lærarutdanning (Master)

[hivolda.no](http://hivolda.no) | [studiebygda.no](http://studiebygda.no)

f i t s / hivolda



HØGSKULEN  
I VOLDA

# Fleirspråkleg framtid og fleirspråkleg samtid



Haustkonferansen



Anniken  
Karlyme  
Wullum

## HAUSTKONFERANSE

Etter kring eit år utan tilgang på korkje norsk språk eller kultur måtte eg reintegrere meg i samfunnet som seg hør og bør etter so lang tid borte frå det me ser på som «the first world».

Eg merka på meg sjølv at særleg kjennskapen min til andre dialekter og til mitt eige skriftspråk hadde lidd under spanskens einevelde, og når ein slit med dialekt og nynorsk, finst det ikkje mange instansar som kan hjelpe.

Eg er heldigvis medlem i den best eigna instansen og valde å dra på haustkonferansen til Norsk Målungdom helga 30. september til 2. oktober. No må eg seie at det skal godt gjerast å reise nokon stad som vgs-elev i desse fráværsgrensetider, men med hjelp frå vår o store leiar Synnøve fekk eg solid nok dokumentasjon til at skulebyråkratiet gav meg tillating til å igjen verte ein deltakande part i målrørsla.

Eg fann ut at nett som det norske samfunnet har hatt nokre fundamentale verdiendringar det

siste året, so har Målungdomen hatt det same.

Den største endringa for meg personleg var eit grovt overtramp på gamal tradisjon, ei fundamental endring i korleis me held oss med det heilagaste (som ikkje er Ivar Aasen eller imål) i Målungdommen, ja kanskje blant alle nynorskbrukarar. Eg snakkar sjølvsagt om det ærverdige songheftet.

For no skal Målungdomen vere høgteknologiske og henge seg på resten av verda i eit slitsamt jag i retning ei digitalisering av samfunnet. Songheftet er no tilgjengeleg i digital form. Det er ikkje lenger sånn at konsekvensen av å miste songheftet sitt under konferansen er å stå i skamma og mumle for seg sjølv med hovudet bøygd når dei andre syng sterkt og vakkert. No kan du berre laste ned songheftet på telefonen og late som om du føretrekkjer å lese på skjerm og ikkje papir. Eg har aldri sett maken.

Programmet var som vanleg ein fryd frå ende til annan, og eg har framleis til gode å finne ein annan organisasjon som har so mange parallelle punkt på programmet med ei litt avgrensa mengde deltakarar.

Det gjer det òg litt vanskeleg å kommentere alle dei parallelle punkta, sidan eg sjølv berre fekk vore på kring ein tredel av dei. Eg burde då kanskje valt ein «ingen nemnd ingen gløymd»-strategi, men då hadde eg aldri nådd

mengda teikn eg treng for å fylle sidene.

Som første programpunkt hadde me eit foredrag av vår alles kjære engelskmann og språksosiolog James K. Puchowski. Foredraget heitte so mykje som «Català sense límits» og handla om den katalanske språkstoda i Catalonia i Spania.

Me veit alle at James er veldig glad i grafar og visuelle framstillingar av talmateriale, noko presentasjonen sjølvsagt var full av.

Eg kunne kommentert dei påfølgjande verte-kjende-leikane. Eg trur eg skal halde meg til å skrive at eg ikkje er sær glad i dei, men forstår at det er naudsynt, og at dei som organiserte leikane, var skikkeleg flinke til å få umotiverte folk som meg til å le av at folk datt grunna høg fart, glatt golv og ullsokkar.

Ingar Arnøy er noko for seg sjølv, og om eg skal kare helgas beste innleiing, er det ikkje tvil om at han stikk av med tittelen (eg ligg sjølv på ein god andre plass).

I år er det 55 år sidan Målungdomen vart skipa, og Ingar tok oss verkeleg med på ei reise i vår eiga historie. Frå marxistiske tendensar på 70- og 80-talet til folk sentralt i i organisasjonen som spytta kvarandre i andletet – her var det mykje spennande å høyre om.

Maten var skikkeleg god alle dagane, masse kjærleik (♥♥♥) til dei herlege folka som stod på kjøkkenet medan me høyrd på innleiingar.

Laurdagen vart starta med frokost og deretter parallelle punkt. Nestleiar i Målungdomen snakka om språkpolitikken til dei ulike ungdomspartia, særleg kvifor dei meiner det dei gjer, og kva som skal til for å betre språkpolitikken deira. Rykta seier meg at det var spennande.

Sjølv var eg på innleiinga til lingvist Felix Knuth. Dei fleste land held seg med fleire språk enn eitt, men korleis dei løyser fleirspråksituasjonen, varierer, og i denne innleiinga fekk me ei grundig innføring i stoda til mindretalsspråka lågtysk, frisisk og sorbisk i Tyskland.

På førehand visste eg ikkje at Tyskland hadde mindretalsspråk, so eg lærte utruleg mykje under denne innleiinga.

Sjølv skriv eg aldri dialekt, og difor syntest eg fellesinnleiinga «Dialektbruk på Facebook» var kjempespennande. Martine Rørstad Sand, årets nynorskbrukar og lektor, fortalde oss om kva ho hadde funne



Årets nynorskbrukar Martine Rørstad Sand snakka om nynorsk i sosiale medium.

James K. Puchowski snakka om språkstoda i Catalonia.



elyden skåler i Mozell! Bileta er skamlaust stolne frå målungdomar og målungdomslag på Instagram.



Studentmållaget i Oslo vann vervekonkurransen mellom studentmållaga og får ha den gilde vandrepokalen eit år!



På haustkonferansen var det mykje gildt til sals, mellom anna T-skjorter frå Studentmållaget i Bergen.

ut i mastergraden sin.

Me snakka om korleis nye skriftlege arenaer dukkar opp, og korleis dei skriftlege normene endrar seg.

Dette punktet var veldig interaktivt, og frå salen fortalde folk om opplevingane sine med dialektbruk på sosiale medium. Det dei fleste knyter til munnleg variasjon av språk, er den dialektale variasjonen.

Dei siste åra har det òg dukka opp nye munnlege variasjonar av norsk, som fylgje av auka innvandring og at stadig fleire lærer seg norsk som andrespråk. Ragni Vik Johnsen har forska på ungdoms forståing av og haldningar til norsk med utanlandsk aksent, og heldt ei sær spennande innleiing om dette på konferansen.

Under programpunktet Kirsti Lunde heldt om kva NMU eigentleg meiner og kva me bør meine for at nynorsken skal verte styrkt i ei fleispråkleg framtid, kunne ikkje eg vere med heile vegen, men her var det høgt nivå med gruppearbeid og heile pakka.

Plusspoeng for ei innleiing meir interaktiv enn skuleundervisninga eg har fått brorparten av livet elles.

Det parallelle programpunktet eg sjølv skal halde, vert sjølv sagt lagt saman med Hans Rasmus Glomsrud, kassastyrar i NMU og masterstudent, si innleiing om fransken i New Orleans og korleis fransken sakte døydde ut der på slutten av 1800-talet.

Eg vurderte sterkt å hoppe over mi eiga innleiing for å høyre det foredraget. Sjølv snakka eg om skilnader i ulike nasjonale variasjonar av spansk, og då særleg den chilenske spansken. Me er verdskjende fordi ingen andre spansktalende forstår oss fordi me ikkje uttalar ord skikkeleg, fordi me snakkar kjempfort og fordi me nyttar masse ord me berre har funne opp sjølv.

Alt og alle kan snakkast om ved bruk av eit dyreuttrykk, er tydelegvis det uoffisielle nasjonalmottoet.

Sundag var minst like herleg som laurdag. Åsmund Kvifte, 1. vara til sentralstyret i NMU, jord-ekspert og nordiskstudent, snakka om korleis fagordbøker har vore viktige i å utvikle og spreie nynorsken som fagspråk.

Kine Svori, sentralstyremedlem og lektorstudent heldt ei innleiing om kvifor me bør lære oss tysk, iblanda små anekdotar frå opplevinga hennar som tysktalende nordmann i møte med tyskarar, og Synnøve Marie Sætre, leiar i Norsk Målungdom og masterstudent, gav oss ei innføring i andrespråklæring og norsk i eit andrespråksperspektiv.

Alle desse innleiingane var sjølv sagt like knakande gode som innleiarane sjølv.

Me fekk òg ei gjæv vitjing av Inger Vederhus, fyrstelektor ved HiOA og styremedlem i Noregs Mållag, som startskot for kampanjen «Framtidas superlærer kan nynorsk».


I dag er det diverre slik at mange lærarar ikkje meistar både bokmål og nynorsk (særleg nynorsk) når dei går ut av utdanninga, noko som sjølv sagt ikkje er greitt.

Inger snakka bra om nynorsk i den framtidige lærarutdanninga, og me får vone tiltaka ho foreslo, vert sett i verk.

Sjølv om alle skulle ynskje at so framifrå hendingar varar i all æve, må ein no eingong dra heim att. Synnøve snakka om kampanjen som var i emning, oppmoda oss alle om å kome på vinterleir (noko forfatteren av denne teksten sjølv sagt òg oppmodar til!) og skapa god stemning trass vissa om at me alle snart skulle dra frå kvarandre igjen.

Needless to say, som dei seier på engelsk, haustkonferansen var like flott som haustkonferansar flest, og eg gler meg sær mykje til neste tilskipping!

Hasta luego!



Inger Vederhus var mellom dei mange som heldt innleingar på konferansen. Ho snakka om nynorsk på lærarstudiet.

# Fleirspråkleg framtid – ikkje i Sápmi?



Cecilie-Kristin Øien Thomsen

SAMISK

I 1885 kom jamtstillingsvedtaket som likestilte landsmål med riksmål. På same tid blei samiske og kvenske barn sendt til norske institusjonar for å bli gode norske statsborgarar. For å bli gode norske statsborgarar skulle samisk gløymast og samiske levemåtar skulle avskaffast. Det blei ofte gjort med å sende barn på internatskular. På disse internatskulane var det ikkje lov for samiske barn å snakke samisk, og dei aller fleste barna kunne ikkje norsk i utgangspunktet. Fornorskingsperioden hadde katastrofale følger for dei samiske språka. Ikkje berre har alle dei ti samiske språka endra status til utryddingstrua etter UNESCOs liste over trua språk, men fem av desse er klassifisert som svært alvorleg trua / nesten utdøyd, og fire er rekna som alvorleg trua språk. Nesten verre enn informasjonen vi får frå UNESCO, er at bruk av dei samiske

språka for mange har blitt noko som er forbunde med stor skam.

I 1988 FEKK SAMANE det som kan reknast som vårt «jamstillingsvedtak», paragraf 108 i Grunnloven. På folkemunne er denne paragrafen «sameparagrafen», og den lyder som følger: «Dei statlege styresmaktene skal leggje til rette for at den samiske folkegruppa kan tryggje og utvikle samisk språk, kultur og samfunnsliv.» Denne paragrafen er viktig for samane, fordi den viser at Noreg meiner at samar er eit eige folk. Den var nok også meint som ei unnskyldning for den strenge fornorskingspolitikken Noreg dreiv med, og kom som ein reaksjon til Alta-saka. I 1990 blei ILO-konvensjon nummer 169 ratifisert av den norske staten, og i 1992 blei Samisk språkråd oppretta. Samisk språkråd sette søkelyset på samisk språk, og same år blei forvaltningsområda for samisk språk oppretta. Det skal være like enkelt å bruke samisk som norsk i forvaltningsområda for samisk språk. Det vil seie at ein blant anna skal kunne få undervisning på samisk, snakke samisk på legekantoret og skrive søknader til kommunen på samisk.

NÅR EIN SKAL sjå på samisk språkutvikling, ser ein ofte på tal henta frå samisk forvaltningsområde. Det er fordi det ikkje finst gode tall på samisk språkutvikling i andre område av nyare dato. I løpet av 20 år i forvaltningsområde for samisk språk har delen elevar med nordsamisk som førstespråk auka med 17 prosent (Bjerkli og Selle, 2015). Desse tala viser ei positiv samisk språkutvikling, og peiker mot at samisk språk har gjennomgått ein revitaliseringsprosess.

Revitaliseringsprosessen samisk språk gjennomgår, er nok reddande for mange av dei samiske språka. Samiske kvinner og menn som har norsk som morsmål, tileignar seg språket, og snakkar det som førstespråk til barna



Samiisk språkutval

sine. Dette trass at mange fagfolk meiner at ein ikkje burde snakke språk ein ikkje meistarar fullt ut, som det første språket ein snakkar til barna sine. Eg trur mange vel det fordi dei ser kor viktig det er å få nye språkberarar, og i mange tilfelle fordi dei som har vakse opp utan språket, føler at dei saknar noko, og at samisk er veldig viktig for dei. Også Sametinget har auka fokus på å få foreldre til å snakke samisk til barna sine, det kjem til uttrykk i kampanjen sámás mánaín («snakk samisk med barnet»).

SJØLV OM VI veit kor viktig samisk-språklege barnehageplassar er for framtida til dei samiske språka, er det veldig mange samiske barn som står i kø for å få ein slik plass. I Alta er det over 20 samiskspråklege barn på venteliste for samisk barnehageplass. Det er også fleire ungdomar som har samisk som førstespråk på skulen, trass at samisk ikkje har vore heimespråket deira. Mange av dei blir funksjonelt tospråklege, og vel ofte samisk som det språket dei bruker når dei er saman med andre samar.

VI VEIT AT det kan vere vanskeleg å tileigne seg samisk, og av dei samiske språka som finst i Noreg, er det spesielt vanskeleg å tileigne seg kunnskapar i lulesamisk og sørsamisk. Austsamisk er vel så å seie ikkje mogleg å lære seg. Mykje av skylda for det er nok at det ikkje finst så mykje materiell på samisk. Til dømes er det svært lite populærlitteratur som har blitt omsett til samisk, og nesten ingen TV-program eller filmar er tolka. Det er rett og slett vanskeleg å utsette seg sjølv for den mengda samisk som trengst for å kunne bli funksjonelt tospråkleg. Noko av det same kan ein vel seie om nynorsk. Mange elevar kan ikkje nynorsk fordi dei ikkje les nok på nynorsk, og fordi nynorsk ikkje blir

brukt like ofte som bokmål. Eksempelvis finst ikkje den enormt populære bokserien *Harry Potter* på nynorsk, og det er vel heller regelen enn unntaket. Når det kjem til samisk, finst ikkje Det gamle testamentet på nyare nordsamisk, ei heller på nokon av dei andre samiske språka (om det skulle vere nokon tvil, har vi heller ikkje *Harry Potter* på samisk).

10. OKTOBER 2016 blei NOU-rapporten «Hjertespråket» presentert. Den handlar om forslag til lovverk, tiltak og ordningar for dei samiske språka. Her foreslo utvalet blant anna ei lovendring som vil gjere sånn at kommunane vil vere forplikta til å tilby samiskspråkleg barnehagetilbod til samiske barn. NOU-rapporten rapporterer ikkje berre om at kommunane burde vere pliktige til å tilby samiske barnehageplassar, men også ei rekke andre språktiltak som skal gjere at språket skal kunne overleve. Utvalet foreslår blant anna at dersom det er tre eller fleire elevar på ein skule som ønsker undervisning i samisk, skal dei ha rett til det. Alle-reie har mange av kommunane vore ute og sagt at dette blir for dyrt, og at dette er tiltak som ikkje er mogleg å gjennomføre. Nok ein gong ser vi at økonomiske forhold set stoppar for ein så viktig identitetstemarkør som språk.

I SAMISKE MILJØ blir det ofte sagt at «nynorskfolk er våre beste venner». Eg trur det har noko med å gjere at vi begge kjenner på kor vanskeleg det er å heile tida måtte kjempe for våre alle-reie fastsette rettar. Vi samar får ofte høyre at «de forstår jo norsk, så korfor skal vi bruke pengar på å skrive det på samisk», og det er jo litt av den same argumentasjonen som blir brukt når ein ikkje bruker nynorsk. Det at majoriteten i samfunnet ikkje klarer å sjå kor viktig språk er for identiteten vår,

▼ annonse

NORRISKE BAK

No har me sylta den norske sumaren

LERUMS UTVALDE – VÅRT FINASTE SYLTETØY

Lerums Utvalde Jordbær- og Ornguldsmyrtebær er laga av dei beste norske bærar. Prøv vår mest populære syltetøy på vaflar, pannekaker eller herleis brødslikar. Les meir på lerum.no

Lerum

Ekta varm smakar best



kan



man med elevar frå Prestvannet skole i Tromsø. Bilete: Samisk språkutval

kan til tider vere veldig sårt, spesielt når vi ser på kor stor innsats (og ikkje minst kor mykje pengar) som har blitt lagt inn i å fjerne dei samiske språka fullstendig.

**DET ER IKKJE UTAN** grunn at vi ofte seier at samegiella lea vaibmugiella («samisk er hjertespråket»). Eg håper at staten og kommunane etter kvart vil skjønne kor viktige minoritetsspråka er, og skjønne at språk er noko vi må prioritere, også økonomisk. Det at det skal vere ei fleirspråkleg framtid i Sápmi, er utruleg viktig for meg og mange andre. Stort sett er eg optimistisk, det er vanskeleg å ikkje vere optimistisk når ein veit kor mange kvardags-heltar som jobbar for å ta tilbake språket kvar dag.

Avslutningsvis vil eg sitere det den tidlegare ordføraren i Tromsø, Jens Johan Hjort, skreiv i blogginnlegget «Same faen» etter at forslaga frå rapporten «hjertespråket» var lagt fram: «Om det vil koste? Svaret er ja. Det vil koste en god del. Men det vil relativt sett koste atskillig mindre enn det kostet norske myndigheter å forsøke å ta livet av språkene i fornorskingsperioden.»

#### FAKTA: ILO-169

- Handlar utelukkande om urfolk og stammefolk
- Seier at urfolk er folk i sjølvstendige statar som nedstammar frå dei folka som budde i statane før statsgrensene/koloniseringa fann stad, og som har behalde noko eller alt av sin eigen kultur
- Handlar om eigedomsrett, rett til eige språk og bevaring av det, konsultasjonsrett, rett til sjølvbestemming og rett til å bevare sin eigen kultur
- Krev ratifikasjon av nasjonalstaten for å vere juridisk bindande
- Ratifisert av Noreg i 1990
- Ikkje ratifisert av Sverige eller Finland
- I Sápmi har vi ein eigen artist som er kalla opp etter ILO-konvensjon 169, den lulesamiske artisten 169 (Mio Negga)

## Filmspalta ved Gunnhild Skjold

Film er kult! Det synest i alle fall eg, og i denne spalta skal eg prøve og smitte dokker med filmglede. Når eg ikkje er opptatt med å sjå på film, er eg leiar i Studentmållet i Tromsø, lektorstudent og forkjempar for meir nynorsk undertekst på kino.



DEN NORSKE:

### KONGENS NEI (2016)

Regi: Erik Poppe

Med: Jesper Christiansen, Anders Baasmo Christiansen, Karl Markovics

*Kongens nei* har sveipt gjennom kinoar landet rundt og blitt haustens store kino-snakkis. Han har til og med dradd så mange uvande kinogjengarar til salane at ein kinosjef klaga på at eit eldre publikum ikkje brukar pengane sine i kiosken, så kinoen tapar pengar. Filmen har blitt kalla ein propagandafilm, og ja, ein kjenner jo unekteleg ei form for fedrelandskjerleik idet ein går ut av salen. Skodespelet er godt, spesielt Jesper Christiansen som Kong Haakon skil seg ut med si gode rolletolking, og Anders Baasmo Christiansen som Kronprins Olav bidrar til den gode dynamikken mellom far og son. Filmen er over to timar lang, men det kjennest ikkje som ei belastning. Tvert imot, ein blir dradd inn i handlinga, og vissa om korleis det endar, gjer det berre enda meir nervepirrande. Eg tilrår filmen, og kjøp snop på kiosken om du drar, så Kino-Noreg skjønner at det ligg pengar i film som dette. Kongen sa nei, men eg seier ja – til denne filmen!

DEN UTANLANDSKE:

### JAKTEN PÅ ADOLF EICHMANN (2015)

Regi: Lars Kraume

Med: Burghart Klaußner, Michael Schenk, Ronald Zehrfeld

Adolf Eichmann planla flyttinga av jødane til konsentrasjonsleirar før han, som mange andre, rømde til Argentina etter krigen. Riksadvokat Fritz Bauer (Klaußner) får eit tips om kor Eichmann er, og vil stille han for retten i Tyskland. Det er dessverre ikkje lett, for Bauer blir motarbeidd ved kvar sving av tyske autoritetspersonar som ikkje har reint mjøl i posen etter krigen, men med hjelp av kollegaen Karl Angermann (Zehrfeld) tar Bauer opp kampen. Filmen har eit lågmælt filmspråk der dramaet ikkje ligg i store actionsekvensar, men i ei gradvis oppnøsting av lause trådar. Filmen dannar eit godt bilete av eit Etterkrigs-Tyskland som framleis ikkje har klart å distansere seg frå fortida, og er ein film ein gjerne kan få med seg!



KLASSIKAREN:

### CASABLANCA (1942)

Regi: Michael Curtiz

Med: Humphrey Bogart, Ingrid Bergman, Paul Henreid

*Casablanca* er jamt over rekna som ein av dei beste krigsfilmane vi har, og dukkar opp gong på gong på filmtopplister. Noko av det som gjer filmen så spesiell, er at han blei laga medan krigen framleis heldt på, og ein får derfor eit heilt anna perspektiv enn i filmar som kom ut seinare og ikkje kan fri seg frå kunnskapen om korleis alt enda. Handlinga er vel kjent for dei fleste, men her er likevel ei oppsummering: Casablanca er ein slags haldeplass, der folk kjem frå Europa i håp om å komme seg vidare til tryggare hamner. Rick (Bogart) eig ein populær nattklubb i byen, og ein dag kjem Ilsa (Bergman), Ricks tidlegare flamme, og hennar ektemann Victor Laszlo inn døra. For at dei skal kunne rømme byen, treng dei visum. Det kan Rick hjelpe med, så lenge han er villig til å la Ilsa sleppe unna nok ein gong. Dette er utgangspunktet til ei bittersøt kjærleikshistorie som kan røre ved dei fleste. Ein av dei beste filmane som er laga. Må sjåast.

# Studentmållaget i Nidaros i 100



Eline  
Bjørke

## JUBILEUM

«Den 28. september 1916 kom 22 studentar samen til møte i festsalen på Trønderheimen.» Den dagen blei SmiN skipa, og i 2016 feirar SmiN hundreårsjubileum.

Den 14. april i 2015 kom seks-sju studentar samen til møte på Samfundet i Trondheim. Jubileet var berre eitt og eit halvt år unna, og SmiN var på hogget og møttest for å idémyldre. På møtet noterte eg konsert, foredrag, stas, gamle medlemmar, boklansering, par10, og T-skjorte. SmiN hadde ambisjonar i april 2015, og jammen gjorde vi noko ut av dei òg.

## KONSERT OG FOREDRAG

Vi starta jubileumsveka med konsert med Aasmund Nordstoga. Vi hadde heldigvis klappstolar i bakhand, for det kom massevis av folk. Aasmund Nordstoga kunne glede oss med mange nydelege songar av Aasmund O. Vinje frå plata *Guten*. Han letta stemninga med artige viser som «Mannen og kjerringa», «Da Lars ville gifte seg», og Prøysen-godbiten «Koleravise» på skikkeleg Vinje-mål. I tillegg drog han

i gang med slagerar som «Ola Tveiten», og det blei allsong og trampeklapp i konsertlokalet i Trondheim.

Dagen etter inviterte SmiN til kåseri med Kristin Fridtun. At Kristin kom att til Trondheim, var eit lite jubileum i seg sjølv: Kristin feirar ti år som nynorskbrukar i hundreårsjubileet til SmiN, og det går rykte om at det var eit nynorskurs i regi av SmiN som fekk henne til å konvertere. I mellomtida har Kristin vore leiar i SmiN, og det var jammen stas at ho ville vere med og markere både det eine og det andre jubileet. Kåseriet stod til alle forventningar. Dei som kosar seg med språkspalta hennar i *Dag og Tid*, fekk i alle fall akkurat det dei håpa på, då Kristin kåserte om allslags ord og uttrykk som hadde med kroppen å gjere. Korleis kan du springe fort når du tek beina på nakken?

## BOKLANSERING, GAMLE MEDLEMMAR OG PAR10

Laurdag 24. september var dagen for sjølve jubileumsmiddagen. Hundreåringen fekk ei verdig feiring med tre rettar, allsong, taler og helsingar og gaver frå både Målungdom og Mållag. Rundt middagsbordet var vi mange noverande SmiN-medlemmar, og nokre tidlegare medlemmar. Eit par av dei hadde vore med på å arrangere nittiårsjubileet i 2006, og jammen var det eit par gamle SmiN-arar i salen som hadde vore med på å arrangere femtiårsjubileet i 1966. Det er ikkje godt å

seie om det var mest stas for dei eldre herrane å vere på hundreårsjubileet, eller om det var mest stas for oss ungdommar at dei eldre herrane hadde tatt seg bryet med å kome. Stas var det uansett. Heile jubileumsmiddagen.

På jubileumsmiddagen var det dessutan lansering av det fantastiske jubileumsskriftet. Atle Brandsar og Kirsti Lunde, båd tidlegare leiarar i SmiN, har intervjuet to SmiN-arar frå kvart tiår sidan femtiårsjubileet. Saman med ei oppattrykking av jubileumsskriftet frå femtiårsjubileet blei det ei god samling av saga til målungdomsrørsla i Trondheim.

Onsdag 26. september, på sjølve jubileumsdatoen, var lokallaget samla til fest. Ein skulle kanskje tru vi hadde feira frå oss etter både konsert, kåseri og jubileumsmiddag, men det var ikkje før då at vi tok hol på jubileumskaka. Eller kakene, faktisk, vi hadde ei med hundre lys og ei med logoen vår. Det må ha vore eit slags hundreårsjubileumsunder at ingen lausbartar tok fyr då vi stod over kaka med 100 tente lys og skåla. Jau, for vi hadde sjølvsgatt lausbartar på hundreårsjubileet til SmiN. Og med lausbartane dansa vi oss inn i natta til Ottar Wiik, Jens Haugan og Aasmund Nordstoga. Det er ingen fest som ein hundreårsfest.

## BART, T-SKJORTE OG UGLEREIR

Vi hadde sjølvsgatt fleire idear på jubileumsplanleggingsmøtet. Eg har notert

«landsmøte med bart», og meiner vi hadde ein idé om å kle opp heile landsmøtet i lausbartar. Det gjorde vi (heldigvis) ikkje, men så fekk vi jammen heile landsmøtet til Trøndelag.

Eg har notert «Uglereiret», som var ein diskusjonsklubb SmiN skipa i 1921. Der skulle medlemmane diskutere aktuelle hendingar på normert nynorsk, og det tenkte vi at vi kunne gjere òg. Etter kvart blei vi litt usikre på om eit Uglereiret-møte ville vore like artig ute i den verkelege verda i 2016, og vi blei einige om at det kanskje ville passe seg best som eit slags «humorinnslag» på neste SmiLS (Studentmållagspils, altså).

Vi bestemte at vi ville ha jubileums-T-skjorte òg, og det fekk vi. Etter ei dramatisk ferd att og fram mellom postkontor kom endeleg jubileumsskjortene våre fram, berre eit par dagar etter at vi var ferdige med jubileumsveka. For all del, tenkte vi. No har vi endå meir å feire!

Favorittpunktet i notata mine frå jubileumsplanleggingsmøtet, er punktet «jubileumskalender med kostyme frå gamledagar». Vel, noko må vi spare til 200-årsjubileet.

Norsk Målungdom  
på Instagram!



detnorskesamlaget Kollega Siri lyser opp på jobben med denne toppen! #kjærteik #målungdom #nynorsk @malungdom



studentmållet 24 studentar følgjer med medan @vegardbeid held nynorskurs på @hioa. Desse blir nok superlærarar, alle saman! #superlærar



studentmållet Grauten er klar og me er klare for den. Men fyrst les Kirsti om Grauten på Grut! #graut #nynorsk #aasmundolavssonvinje



## 10-årsjubileums- middag i Stavanger

**D**en 13. september fylte Studentmållaget i Stavanger 10 år, og dette måtte sjølvsagt feirast. Styret inviterte difor alle medlemmar med på middag.

Restauranten me besøkte, hadde noko for kvar smak, med både komler og hamburgarar på menyen. Dei kunne også tilby «potetstenger med skall», eller pommes frites, som det heiter på sidemålet. Alt i alt var både maten og stemninga på topp, så dette var ein lovande start for kvelden.

Deretter gjekk turen til tysdagskvissen på Folken, studentersamfunnet i Stavanger, sjølvsagt med det etter kvart faste lagnamnet «SmiS på kviss». Her gjorde me ein formidabel innsats; faktisk klarte me å landa på ein andre plass samanlagt, berre eitt poeng frå fyrsteplassen. Det var sjølvsagt litt surt å ikkje vinna, men det var kjekt å koma på pallen og kunna sola seg i glansen ein liten augneblink (neste gong me var på kviss, vann me heile greia).

Det var ei verdig 10-årsfeiring, og både styret og deltakarane avslutta kvelden med eit smil!

SmiS

## Intervju på rundgang



### KVEN ER DU?

Hei! Eg er Felix, tyskar, for tidi 25 år gamal, vitskapsinteressert, doktorgradsstudent i lingvistikk, profilbiletlaus og lat.

### FORTEL LITT OM DEN FØRSTE TILSKIPINGA DU VAR PÅ:

Fyrste tilskipingi eg var på, var vetterleiren 2014 på Stange. Eg var på leit etter nynorskbrukarar av di dei var litt vanskelege å finna på nettet for meg av di eg ikkje nyttar dei store sosiale nettverki.

Då eg las um vetterleiren, tenkte eg at jau, det her kunde vore noko for meg, og so drog eg til Noreg for fyrste gong. Eg var litt sky i byrjingi og sleit stundom litt med å tala norsk, men eg vart teken vel imot, og vanskaner gav seg etter kvart. Det var stas, og eg hev vore på ti tilskipingar etter det!

### KVA BOK HAR DU PÅ NATTBORDET DITT?

Eg må diverre vedganga at eg ikkje les so reint mykje skjønnlitteratur. Det siste skjønnlitterære verket eg las, var faktisk *Isfuglen*, ei nynorsk umsetjing av ei dansk ungdomsbok av Lene Kaaberbøl som eg vann i loddtrekking på sumarleiren. God bok, god umsetjing.

### SKJER DET NOKO SPENNANDE I LOKALLAGET DITT?

Diverre er det ikkje noko lokallag i Tyskland. Det tyder altso at eg ikkje er medlem i noko lokallag og at eg ikkje fær velja nokor utsending til landsmøti helder. :(

### KJEM DU PÅ SOMMARLEIREN?


Huffdå, sumarleir ... Altso, sannsynlegvis kjem eg på vetterleiren og skal kann henda ogso halda innleiing um noko som ikkje hev med språk å gjera i det heile. :) Sumarleir, det veit eg ikkje enno. Diverre ligg sumarleiren alltid midt i det tyske sumarsemesteret (men eg hev vore med på leir dei siste tri gongene likevel). Eg vonar i alle fall at det eg hev skrivne um NMU-tilskipingar, er litt reklame. Det løner seg å vera med!

### KVEN VIL DU GJE STAFETTPINNEN VIDARE TIL?

Björg Karin Dysjaland – ho er jordbrukseksperter og aldri redd for å deltake i nerdute samtalar um rettskrivingsgreidor eller målføremerke, noko som eg synest er fantastisk!



kinesvori Lærarstudent med tydeleg bodskap: Make nynorsk great again! #verdastlæraradag #nynorsk #haldningskampanjar #trumpmågá



hopelaus Tospråkleg skilting på Haustkonferansen #fleirspråklegframtid #nynorskiVestfold #Nynorsk #bokmål #målungdom



smibergen I dag et me kake til middag og drikk Mozell til natta kjem. Skål! #smib70år #nynorsk



malungdom Dette er synet av oppstartsmøtet i rosenes by! Hurra for Molde MU!

# Nynorsk og dansk-norsk?



Kirsti  
Lunde

## MÅLSOGE

**M**ange tenkjer fyrst og fremst på språkhistorie som ei rekkje årstal og hendingar som skjedde for lenge sidan. Men bak kvart årstal skjuler det seg ei hending som har vore med på å skape den språkstoda me har i dag, og mange av hendingane er kjende for få, trass i verknaden dei har hatt. Veit du til dømes korleis språka våre, nynorsk og bokmål, fekk namna sine?

### NAMNLAUSE SPRÅK

Mange ting og fenomen får namn nesten på slump. Det skjer til dømes når eit omgrep slår an og plutseleg vert nytta av alle, slik som *brexit*, eller når ei merkevare vert så kjend og tek såpass mykje av marknaden at namnet på merket etter kvart vert teke for å vere namnet på produkttypen. Gode døme på det er *termos*, *walkman* eller *sukettar*, som alle opphavelig var namn på produsentar av ... *termosar*, *walkmanar* og *sukettar*. Andre ting får namnet sitt vedteke. Kanskje er dei nye i samfunnet og ein treng å nemne dei på eitt eller anna vis, eller det florerer ulike omgrep på same ting og det er greiare om alle nyttar det same.

Nynorsk og bokmål høyrer heime i denne gruppa. Dei fekk namna sine vedtekne i Stortinget i 1929, men språka våre var sjølv sagt ikkje namnlause før den tid. Ivar Aasen kalla sjølv språket sitt for *landsmål*, og nemninga *det norske folkespråk* vart òg nytta. I jamstillingsvedtaket av 1885 står det at landsmålet skal vere jamstilt med «det almindelige Bogspråk». Dette omgrepet, saman med riksmål, vart nytta om det me i dag kallar bokmål. Likevel hadde ikkje språka nokon offisielle namn, før i 1929. Då handsama Stortinget ei ny lov om lærarskular. I lova stod det mellom anna at eit mål for undervisinga er «forstandig og uttrykksfull lesning av såvel bokmål som nynorsk».

### SPENNANDE DEBATT

Det kan sjå ut til at desse nye nemningane på språka fekk nokre reaksjonar, for nokre månader etter at lova vart vedteken, sende Kyrkjedepartementet ut eit rundskriv til dei andre departementa med denne teksta:

*Foranlediget ved forespørsel om den offisielle benevnelse på de to rikssprog skal departementet meddele: Spørsmålet om sprogenes navn blev av Stortinget siste gang behandlet i forbindelse med lov om lærerskoler i februar i år. Efter en lengre debatt blev «nynorsk» og «bokmål» vedtatt som lovens navn på de to mål. [...] Et forslag om navnet «riksmål» i stedet for bokmål blev i lagtinget forkastet med 22*



*mot 13 stemmer. Benevnelsen «nynorsk» for landsmål og «bokmål» for riksmål må derfor betraktes som offisielle og følgelig bli å bruke av administrasjonen.*

Språka heitte no altså nynorsk og bokmål, men som det kjem fram av rundskrivet, måtte det skikkeleg debatt til før namna vart endelege. Og det som skjedde i møtesalen, var så spennande at det kunne vore henta ut av kva politisk dramaserie som helst. Nesten.

Då ein skulle vedta delen om undervisningsmåla, var eit fleirtal av komiteen skeptiske til å nytte omgrepet *landsmål*. Dei meinte det var eit uheldig og misvisande namn, men i innstillinga deira er det ikkje sagt noko meir om kvifor dei meinte det var misvisande. Det kan tenkjast at dei meinte at assosiasjonane som var knytte til omgrepet «land», særleg i motsetnad til «riks» i riksmål, ikkje var særskilt positivt ladde. I alle høve seier dei i innstillinga at dei meiner *landsmål* ikkje er eit passende namn på eit språk som har utvikla seg gjennom dialektane frå gamalnorsken, og som i dag er eit mykje nytta og utbreitt språk, som att-påtil er jamstilt med språket med dansk opphav. Dei gjorde difor framlegg om å nytte *nynorsk* i staden.

Eit fleirtal av komiteen tykte òg at nemninga *riksmål* var problematisk av om lag same grunn. I innstillinga står det at dei meiner at nemninga «riksmål» er oppfunnen for å få det til å sjå ut som at den fornorska dansken er det eigentlege norske målet, og dei slår fast at noko slik «bør herefter ikke få plass i

nogen norsk lov». Såleis vart det til at då lovteksta fyrst skulle opp i Odelstinget, vart det vedteke å nytte *nynorsk* og *bokmål* i staden for *landsmål* og *riksmål* med 45 mot 34 stemmer.

### SKARP VOTERING

Lova vart send vidare til Lagtinget, og det er her sjølv scena som kunne vore henta frå ein politisk dramaserie, finn stad. For nynorsken vart ikkje namneendringa frå *landsmål* problematisk. Der fekk vedtaket frå Odelstinget stå urørt. For bokmålet vart handsaminga meir spennande. Nokre foreslo å ta attende *riksmål* i staden for *bokmål* i teksten. Andre gjekk endå lenger og gjorde framlegg om å heller nytte *dansk-norsk* for *bokmål*. Her må me ta ein pause. Dansk-norsk? For mange høyrer det kanskje ut som ein draum, for andre eit mareritt. Same kva ein tenkjer, verkar nok det heile ganske utruleg: Sat dei der i Lagtinget og diskuterte om det eine offisielle språket i Noreg skulle heite dansk-norsk?

Ja, jammen gjorde dei, og namneframlegget var ikkje teke heilt ut av lause lufta heller. Komiteen som hadde laga lova, skreiv nemleg dette i innstillinga til Odelstinget: «Den riktige betegnelse for det i dansketiden innførte mål og som fremdeles er godkjent som det andre offisielle målet i landet, vilde – nøkternt betraktet – være norsk-dansk d.e. det danske målet slik det har utviklet seg i Norge.» Dette innspelet i innstilling vart ikkje teke omsyn til i Odelstinget, men i Lagtinget var det altså nokon som plukka fram att desse linene og fremja eit alternativ til

å vedta *riksmål* for *bokmål* att: å vedta *dansk-norsk* for *bokmål*. Røystinga gjekk slik føre seg: *Riksmål* fall mot *bokmål* med 22 mot 13 røyster. *Dansk-norsk* fall mot *bokmål* med 18 mot 17 røyster. 18 mot 17 røyster. Berre to røyster frå at me kunne sagt: I Noreg har me to likestilte skriftspråk. Dei heiter nynorsk og dansk-norsk.

### LAUSRIVING

Tidlegare formann i Riksmålsforundet, Johan Bernhard Hjort, oppsummerer det heile slik i *Sprogstridens kvintessens* frå 1963: «Det var således på et hengende hår, at det ikke lykkes for riksmålets fiender å få vårt sprog omdøpt til 'dansk-norsk'. Det ville i sannhet vært en eiendommelig 'nasjonal' bedrift å sette et slik navn på Ibsens, Bjørnsons og Hamsuns sprog.» Utsegna til Hjort byggjer godt opp under lovkomiteen sin argumentasjon mot å nytte *riksmål*: Det fanst krefter som ynskte å nytte ei nemning på bokmålet som dekte over kvar språket stamma frå, men det er leitt å seie om det kom av eit ynske om å fullt ut lausrive seg frå Danmark, eller ei frykt for at nynorsken skulle overta posisjonen som «det almindelige bogsprog» lenge hadde hatt. Det er i alle høve interessant å sjå kor tilfeldig det er at språkstoda blir som ho blir, og kor store verknader tilsynelatande små vedtak kan få. Det er lett å bli sitjande og gruble: Korleis ville det vore å drive målsak i eit land der språka heitte nynorsk og dansk-norsk?

## EG BURDE SKRIVE I MOTMÆLE



Ja, det burde du! Ta kontakt med oss om du vil bidra med tekst eller bilde, om du har ein idé, eller om du vil ha noko å skrive om! Kontakt oss på Facebook.com/motmaele eller på e-post: kirsti@nynorsk.no



▼ annonse

## Handlenett.no Nynorske gåver



Tekstilar, keramikk, turutstyr, ordsmykke, bøker, musikk og mykje meir

**Gode førjulstilbod på handlenett.no**

Nettbutikken til Ivar Aasen-tunet og Olav H. Hauge-senteret

## internasjonalt

Øistein Høyde Braanen



## Fransk i Québec

Det var ein gong, nordaust for det presidentvalherja USA, aust i det nåverande Canada. I 1608 kom den franske oppdagingsreisande Samuel de Champlain seglande sørover på Sankt Lawrence-elva og grunnla handelsstasjonen Québec. Dette var starten på Frankrikes kolonisering av Nord-Amerika, noko som skulle resultere i kolonien Ny-Frankrike, som på midten av 1700-talet kontrollerte område frå New Orleans (Nouvelle Orléans) i sør og heile kontinentet mot nord, Newfoundland i aust og halve kontinentet mot vest. I 1763 gjekk heile kolonien til britane etter sjuårskrigen. Dei britiske områda til Storbritannia blei i 1867 samla til Canada.

Dei første tiåra etter grunnlegginga av handelsstasjonen budde det for det meste pelsjegerar i Québec-området. Behovet for kvinneleg selskap og dermed befolkningsvekst melde seg etter kvart, og kong Ludvig XIV kom på banen. Mellom 1663 og 1673 blei om lag 800 foreldreause eller ugifte kvinner – *les filles du roy* («kongens jenter») – på mellom 12 og 25 år sende til Ny-Frankrike for å få fart på befolkningsveksten i kolonien. Broerparten av dagens om lag 8 millionar innbyggjarar i Québec er etterkommarar etter desse. Etter seiande skal blant andre Madonna og Hillary Clinton òg vere etterkommarar av desse.

Den franskspråklege kulturen i Canada hadde fram til 1960-talet ein ganske uformell status på føderalt nivå i Canada. I løpet av 60- og 70-talet vaks derimot ei nasjonal bevisstheit fram, og Québecs status i Canada blei for alvor diskutert, og ideen om det moderne Québec forma.

Sommaren 1967 held Charles de Gaulle ein tale frå balkongen på rådhuset i Montréal føre eit jublande menneskehav, og ropar: «Vive le Québec libre!» Desse tiåra blir kalla for *la révolution tranquille* – den stille revolusjonen. I åra 1980 og 1994 blei det halde folkeavstemmingar for sjølvstende frå Canada, noko som kvar gong resulterte i ein knapp siger til nei-sida.

Québec er i dag den einaste staden i Nord-Amerika med fransk som det einaste offisielle språket, og ein av dei mest særprega provinsane i Canada. Provinsen er i praksis institusjonelt uavhengig frå Canada og har eit yrande frankofont kulturliv. Canadas nasjonalrett, *la poutine* (blir stava likt som Putin på fransk) kjem mellom anna frå dei tidlegaste pelsjegerane i Québec. Pommefrites, brun saus og ost. Typisk mannfolk. Retten blir på folkemunne kalla *la salade des jeunes* – ungdomssalaten. Du kan derimot få ein litt meir fancy versjon i eit av Montréal's hipsterstrøk.

Språkleg skil fransken i Québec seg frå fransken snakka i Frankrike på mange område. Tradisjonelt har det mellom anna vore vanleg å rulle på r-ane, noko som i løpet av 1900-tallet har måtta vike for den typisk franske skarre-r-en, som har blitt sett på som finare. Det franske ordforrådet i Québec er i mindre grad anglifisert enn i Frankrike. Ein franskmann ville sagt *weekend* (helg) og *faire du shopping* (shoppe), medan ein frå Québec ville sagt *fin de la semaine* (vekeslutt) og *magasiner* (magasinere). Aust i Québec finn ein i tillegg stader der innbyggjarane bruker ei fortidsform av verb som ikkje har blitt brukt i munnleg fransk sidan 1600-talet.

Landet mitt, det er ikkje ein vinter, det er det motsette  
Av eit land som korkje var land eller fedreland  
Songen min, den er ikkje ein song, det er livet mitt  
Det er for deg eg vil behalde vintrane mine  
– Gilles Vigneault, 1964, «Mon pays»



# Når det er på tide å kvila auga litt og berre høyra litt



Synneve  
Øien  
Frøyen

## PODKAST

Etter at eg byrja på NMBU på Ås, har togturane gått frå to i året til to kvar dag. Når ein har 40 minutt stille og verda susar forbi utanfor, er det fint med ein podkast på øyret. Alle treng ein pause frå skjermen i ny og ne, difor har eg valt å kome med forslag til gode høyreopplevingar eg tykkjer det kan vere verdt å få med seg. Dette er mine favorittar for tida, nokon får meg til å fnise høgt på toget, det treng ein.

Salongen får dei besøk av forskjellige kjende og ikkje fullt så kjende personar med forskjellige liv og bakgrunnar, med morosame forteljingar og opplevingar. Elles mykje om politikk, kultur og generelt fine menneske. Ganske uformelt og god stemning. Eg har òg ein stor forkjærleik for alle dei fine lyd-designa og dikta som kjem innimellom all snakkinga – vakkert.

## TV-SERIEPODKASTEN

Redaksjonen til *Salongen* har laga ein uhøgtideleg podkast der dei samtalar om seriar (med mykje digresjon), både nye og gamle. Ein av mine favoritt-seriar, *Please Like Me* (sjå den!), fekk eg høyre om her. Inkluderer ting som vekas liste, Noreg-nemningar i film og seriar, tips frå NRK-arkivet og liknande. Fast fredagslytting.

dag på radio. Men i staden for å høyre to timar i strekk kan du berre finne fram podkasten og høyre 23 minutt om fridomskamp på Island, 8 minutt om snøleoparden, korleis livet i antikken var, om nordlyset lagar lyd, korleis det engelske skriftspråket har endra seg, eller berre det du tykkjer er interessant. Kan anbefale å høyre serien dei nyleg sende om Island. Island er kult.



## BOKPOD

Høyr Edvard Hoem, Frode Grytten, Agnes Ravatn og ein gjeng andre norske forfattarar prate om korleis det er å vere forfattar.

## FERDIGSNAKKA

Om du treng eit slags «ord for veka», eller berre høyre noko fint, då er dette noko for deg. Kombinasjonen med muskarar og forfattarar blir til vakre små lydboksinglar. Poetisk og skikkeleg hyggjeleg. Kan tilrå å sjekke ut heimesida deira, [ferdig-snakka.no](http://ferdig-snakka.no), der finn du alle lydboksinglane og meir om forfattarane,



## FERDIGSNAKKA.

musikarane og teksten dei les. Tips: Sjekk ut «sex på nynorsk», ufatteleg morosamt.

## In the Dark



## SERIAL OG IN THE DARK

To «true-crime»-podkastar. Det er som lydbok, krimserie og dokumentar på ein gong. Veldig spennande frå verkelegheita. *Serial* er laga av journalisten Sara Koenig, som prøver å oppklare eit mordmysterium som skjedde for 17 år sidan, der ekskjærasten til offeret blir sikta for drapet utan nokon særskilde bevis. *Serial* har no kome med to sesongar.

*In The Dark* handlar om ei kidnapping som aldri vart løyst, før no, 27 år etter. Under innspelinga av serien tilstår gjerningsmannen og melder seg sjølv til politiet.

Om du ikkje hadde dårleg inntrykk av det amerikanske politiet og rettsystemet frå før, så får du iallfall det etter å ha høyrte desse.

God lytting!



## SALONGEN

Dette tykkjer eg er eit av dei beste og hyggjelegaste samtaleprogramma på radio. I podkastformat har dei òg tatt med samtala som skjer før sendetid. I



## EKKO

Korte og lange dokumentarar og reportasjar om alt mogleg. Dette går kvar

▼ annonse

Bjøddn

Lag ditt eige  
PANNEBAND  
[bjoddn.no](http://bjoddn.no)

STALLTIPS FRÅ NMU-BUA:

# Julegåveidear til den som har alt!

Er du seint ute med julegåvene? Ønskjer kjende og kjære seg berre fred på jord? Vil du gje ei verkeleg unik gåve? Ta ein titt på kva NMU-bua har å tilby!



**SKUGGELUE MED TEKSTEN «MAKE NYNORSK GREAT AGAIN»**

«Nynorsk is the greatest language on earth – make Nynorsk great again!» skal visstnok ein presidentkandidat i eit ikkje ubetydeleg vestleg land ha sagt.

Kjenner du nokon som treng å halda håret på plass eller varma øyro med stil? Gje bort ei skuggelue som er garantert å vekkja åtgaum!

**200,- kr**

**DAGVERD-KRUS**

Anten det er dagverd, frukost eller kvelds – kva er vel betre enn å innta det ein føretrekjer av varm drykk, i eit dagverdkrus?



**150,- kr**

**HUGNAD-/ÅTGAUM-T-SKJORTER**

Me har framleis dei populære T-skjortene med «Hugnad» og «Åtgaum» i gilde farger! MERK: Få storleikar att! Ta kontakt for å høyra om me har det du treng!



**150,- kr**



**IVAR AASEN-PANNEBAND FRÅ BJØDDN**

Til ungdomen eller den ungdomlege lovar me suksess med desse gilde pannebanda med sjefen sjølv Ivar Aasen!

**400,- kr**

**ORDHITTEN-HANDLENETT**

Alle har me somt å bera, og ingen lyt gå utomhus utan eit handlenett til det ein måtte finna på vegen. Me har gilde handlenett med «Ordhitten»-trykk att på lager!



**200,- kr**

**Slik tingar du!**

Kontakt Skrivarstova på [skriv@nynorsk.no](mailto:skriv@nynorsk.no) og skriv kva du vil ha, og i kva storleik/farge! Du får faktura på e-post eller i posten etter kva du føretrekjer.

annons

Prøv

# DAG OG TID

– den nynorske vekeavisa for kultur og politikk – gratis!

Send SMS med kodeordet DT3V til 2007, så sender vi deg tre prøvenummer utan at du forpliktar deg til noko som helst.



# Nynorskbrukarar som ikkje bruker nynorsk

Ei handsrekking til dei som er redde for å føle seg til bry



Det er lett å føle seg som den svarte sauene når ein alltid er den som spør om å få bruke nynorsk. Men slik treng ein verkeleg ikkje føle seg.



Vegard  
Storsul  
Opdahl

## MÅLBRUK

Når eg blir konfrontert med påstandar om at nynorsk er eit lite språk nesten ingen bruker, pleier eg å løfte fram eksempel på område der nynorsken gjer det bra, for eksempel i litteraturen. Det blir gitt ut fleire og fleire bøker på nynorsk kvart år, og stadig fleire forfattarar debuterer på nynorsk. Ikkje minst vinn nynorske bøker ein uforholdsmessig stor porsjon av dei mange litteraturprisane her til lands – spesielt blant ungdom.

Litteratur er eit område – eit såkalla domene – der nynorsken står svært sterkt i Noreg, og som eg kjenner godt til etter å ha jobba litt i forlagsbransjen nokre år. Det er òg andre domene der nynorsk gjer det godt: Mange aviser kjem ut heilt eller delvis på nynorsk, og fleire riksdekkande aviser enn før tillèt nynorsk i spaltene. Nynorsk som scenespråk på teater gjer det godt. Mange norske artistar bruker nynorsk i musikkens sin, i alt frå metall til folkemusikk.

Dette er vel og bra, men no vil eg ikkje snakke om dei domena der nynorsk står sterkt, eg vil snakke om dei domena der nynorsk ikkje berre er usynleg, men for mange utenkeleg. Når las du sist ei bruksrettleiing på nynorsk? Når er postkassa di full av reklamebrosjyrar med nynorsk tekst? Kor mange kraftselskap har heimesider på nynorsk? Kor mange dame-, herre-, jente- og gutteblad har du lese på nynorsk? Når du skal google noko, gidd du i det heile å google på nynorsk, eller skriv du bokmålsord i søkefeltet?

Nei, sjølv om nynorsken står sterkt i mange domene, er det svært mange domene der vi ikkje eingong forventar å støyte på nynorsk. Korfor?

### EKSTREM YRKEDELING?

Eg har tenkt lenge på korfor det er slik. Dersom ein viss del av befolkninga i landet er vaksne opp med nynorsk og føretrekker å bruke det, burde ikkje nynorskprosenten vera ganske jamn over det heile? Sånn eigentleg?

Svært mange nordmenn har jobbar der dei må kommunisere skriftleg med omverda, gjerne potensielle kundar. For dei som har heile landet som målgruppe, endar 99 prosent (sann cirka) opp med å skrive på bokmål. Blant bransjane der ein kan rekne med å treffe på nynorsk, har vi igjen bokbransjen, der er nynorsk heller

overrepresentert. Betyr det at dei aller fleste nynorskbrukarar endar opp med å jobbe i forlagsbransjen? Sjølv sagt ikkje.

Nynorskbrukarar er ikkje ei homogen gruppe. Dei fleste nynorskbrukarar har ikkje sjølv tatt eit aktivt val om å bruke nynorsk, dei har berre lært det språket som er skolespråk der dei bur. Dei som veks opp til å bli forfattarar, diktarar, skodespelarar, folkemusikarar eller slumpar til å jobbe i ei stor Vestlands-bedrift som Lerum, bruker lett nynorsk i jobben. Mange av dei som endar opp med å jobbe med noko anna, gjer ikkje det. Kanskje bruker dei det internt, i e-postar og på interne forum vi andre aldri ser. Men i det som blir publisert og sendt ut, i det lingvistiske landskapet, er det svært, svært lite nynorsk.

### DEN INDRE KRIGEN

Eg undrast: Kva kjem dette av? Nokre aviser, som Dagbladet, VG og Aftenposten, har vedtatt at dei skal ha ein redaksjonell profil på bokmål. Dette har dei mjuka opp litt dei seinare åra, men det står generelt fast. Har alle andre bedrifter vedtatt det same? Har sjefen sagt frå om at når vi skal laga noko som skal visast fram for folk, så skal det stå på bokmål? Det tviler eg på. Er det kanskje heller slik at om den som står for den skriftlege utforminga

er nynorskbrukar, vil han eller ho tenke at det er tryggast å berre skrive det på bokmål først som sist?

Det trur eg. Og eg har opplevd det sjølv. Ei tid jobba eg i feriar som vakt på minigjenbruksstasjonar her i Oslo. Vi hadde eit problem med at folk ikkje hadde fått med seg at dei skulle hive dei blå og grønne posane med plast- og matsøppel saman med restsøpla heime, og heller tok dei med til oss på gjenbruksstasjonen. Eg fekk beskjed om å laga og henge opp ein lapp og informere dei om dette.

Eitt spørsmål melde seg sjølv sagt med ein gong: Skal eg skrive nynorsk? Internt visste folk at eg alltid skreiv e-postar på nynorsk, men korleis ville det gå når eg skulle skrive opp ein lapp og henge opp?

Eg valde nynorsk. Det var ikkje mange ord, men no kunne folk lesa at dei blå og grønne posane skulle i søpla heime – ikkje *hjemme*. Fekk eg nokon gong nokon reaksjonar? Frå brukarane? Nei. Frå leiinga? Ja: éin. Ein av dei overordna såg lappen da han var innom stasjonen, og kommenterte den. «Oh boy», tenkte eg, «no skjer det.» Han minte meg på at vi unngår å bruke ordet «søppel» og heller bruker «avfall». Nynorsken kommenterte han ikkje med eit ord



## Fleire vennar av meg har sagt ting som: «Eg hadde aldri tort å skrive jobbsøknad på nynorsk.» Slik tenker ikkje eg.

### SENSUR ELLER SJØLVSENSUR?

Tankane eg sjølv gjorde meg mens eg funderte på utforminga av lappen, har eg høyrte liknande av. Fleire vennar av meg har sagt ting som: «Eg hadde aldri tort å skrive jobbsøknad på nynorsk», «Når eg kontaktar utleigarar, skriv eg alltid bokmål» eller «Eg gjorde det berre på bokmål berre for å ikkje laga noka sak av det».

Slik tenker ikkje eg, og det har aldri slått tilbake på meg. Skal eg søke jobb, er søknaden og CV-en på nynorsk. Når eg leitar etter stad å bu, sender eg e-post til utleigarar på nynorsk. Får eg beskjed om å utforme noko skriftleg på jobben eller nokon annan stad, blir det på nynorsk med mindre eg får anna spesifisert. For meg er nynorsk det føretrekte valet når eg skal uttrykke meg formelt skriftleg, og det har eg bestemt meg for at andre berre får leva med.

Det har vist seg å vera langt, langt mindre dramatisk enn det kan verke i hovudet mitt. Når eg har søkt jobb eller kontakta utleigarar, har aldri nokon reagert negativt på at eg har brukt nynorsk. På jobbintervju har det skjedd ein gong at det blei tatt opp, da var reaksjonen denne: «Eg såg du skreiv søknaden din på nynorsk – så kult!» Så snakka vi ikkje meir om det.

Eg har budd i Oslo heile livet og søkt mange deltidsjobbar og hatt kontakt med mange utleigarar om stader å bu. Den absolutt eintydige erfaringa mi er denne: Det gjer *ingenting* å skrive nynorsk, faktisk er det nesten ingen som bryr seg i det heile, og om dei gjer det, gir dei som regel ikkje uttrykk for det.

### EIN INNBILT FARE

Eg skal sjølv sagt ikkje kategorisk påstå at det ikkje finst arbeidsgivarar og utleigarar som hatar nynorsk – det gjer det garantert. Men dette er også profesjonelle folk, så eventuelle aversjonar mot nynorsk gøymar dei vekk i møte med nynorskbrukarar. Skal ein arbeidsgivar unngå å vurdere ein flink fyr fordi han søkte jobb på nynorsk? Er det det det står og fell på? Sjølv sagt ikkje.

Inntrykket mitt etter skulegangen i Oslo er at folk reagerer negativt på nynorsk først og fremst fordi dei har det som fag på skolen – eit fag nokre parti og ungdomsparti fortel at er unødvendig og kan fjernast med å putte rett stemmesetel i valurna (noko som viste seg å ikkje stemme da dei to einaste partia på Stortinget som er imot obligatorisk sidemål, hamna i regjering, men det er ei anna sak).

Etter vidaregåande er nynorsk ein kuriositet i Oslo, ikkje ei plage. No generaliserer eg veldig, men eg meiner generaliseringa seier noko om ein tendens i befolkninga: Når folk blir eldre, sluttar det som regel å bety noko kva

målform dei les. Med mindre du slenger om deg med uforståelege, arkaiske nynorskgløser, er det ingen som har eit alvorleg problem med å forstå nynorsk. Av adjektiva eg har høyrte når eg har brukt nynorsk, finn eg heller desse: fint, vakkert, koseleg, triveleg, søtt, morosamt, lettskjønneleg, artig.

Av og til hender det sjølv sagt nokon seier noko slikt som: «Herregud, eg hata nynorsk da eg gjekk på skolen.» Men det er nettopp det: *da dei gjekk på skolen*. I dag har dei ingen store problem med det, akkurat slik andre kanskje hata matte, naturfag eller gym da dei gjekk på skolen. Vi kan ikkje bruke som målestokk i livet kva folk hata da dei gjekk på skolen – faktisk går dei fleste elevar gjennom ein fase der dei hatar *skolen* i det heile, likevel vil ingen vaksne påstå at det er slemt å bygge skolar i u-land.

### MUNNLEG MANGFALD, SKRIFTLEG EINFALD?

Reklamebransjen er eit tilbakevendande tema her fordi denne utgjer ein så stor del av det vi kallar det lingvistiske landskapet: det skriftlege språket vi ser omkring oss. Av verb folk bruker for å beskrive korleis reklame pregar dei i kvardagen, er *bombardere* ein gjen-gangar. Kor mykje av det lingvistiske landskapet er på nynorsk? Svært lite.

Anneis er mangfaldet i TV-reklamar. Høyrer vi berre «dannet dagligtale», altså pent oslomål? På ingen måte! I reklamane på TV høyrer vi eit mangfald av dialekter, frå heile landet. Nokre gonger er det ein samanheng: Produkt med stadtilhørsle blir typisk marknadsført med lokal dialekt, men korfor skal dama som presenterer bil-lige forbrukslån, snakke hardangerdialekt i staden for Marienlyst-bokmål?

I talespråket er det klart: Variasjon og mangfald er *sexy*. Er det oppleve og vedtatt at det same ikkje gjeld for skriftspråk? På ingen måte. For kva reaksjonar får eigentleg folk om dei bruker nynorsk i kontakt med omverda?

### DEN IKKJE-SJØLV-SAGDE NYNORSKEN

I fleispråklege samfunn snakkar lingvistar ofte om *domene*. Er det eit område av samfunnet der det eine språket blir skvisa ut, kallar vi det domenetap. Kva om vi snakka litt meir om domeneerobring? Altså nye område der eit språk

blir brukt?

Som eg nemnde innleiingsvis, finst det mange domene i Noreg der mange av oss ikkje forventar nynorsk, og heller hadde blitt overraske om vi møtte nynorsk. Kva er grunnen til at desse domena er dominert av bokmål, og kva skal til for å erobre dei?

Ta for eksempel Beat. For to år sidan lanserte dei, som første musikkstrøymeteneste i verda, brukargrensesnitt på nynorsk. Men det rare er ikkje at dei laga ein nynorskversjon, det rare er at nynorskversjonen kom så seint. Beat blei nemleg starta på det selskapet sjølv omtaler som ei øy ytst i havgapet i Sogn – tjukkaste nynorskland. Korfor kom ikkje Beat på nynorsk frå starten av?

Det skal eg ikkje påstå at eg veit, men tenesta eksisterte lenge før dei laga nynorskversjon. Så sjølv når nynorskbrukarar i tjukkaste nynorskland lagar noko, kjem det typisk på bokmål og engelsk før nynorsk. Er det fordi dei er redde for å stille bakarst i køen om dei bruker nynorsk frå starten av? Kven har erfaringar som tilseier at det stemmer? Nynorskutgåva deira fekk sjølv sagt positiv omtale. Brukarar som vil det, kan velja bokmål eller engelsk for brukargrensesnittet. Korleis hadde det gått om valet berre stod mellom nynorsk og engelsk? Eg tør påstå det hadde gått like bra som om det stod mellom bokmål og engelsk.

### NYNORSKEROBING

Kva skal til for at nynorsken skal erobre enda fleire domene? Det kan jo ikkje vera at nynorskbrukarar må få seg jobb i fleire forskjellige bransjar; nynorskbrukarane jobbar allereie i

alle tenkelege bransjar i Noreg. Det som skal til, må vera at dei sluttar å skrive bokmål fordi dei trur det elles vil komma konfrontasjonar og negative kommentarar.

Har du lyst til å bruke nynorsk, så gjer det. Får du negative kommentarar, så spør: «Og kva så?» Eg som konvertitt tok ein gong eit aktivt val om å bruke nynorsk. Eg har vore einaste nynorskbrukar i ein bokmålsklasse og tolt motbøren. Når eg først har bestemt meg for å bruke nynorsk og vent meg til å måtte argumentere for det, har det blitt lettare å bruke nynorsk alltid, uansett.

Den eintydige erfaringa eg har så langt, er: Det går som regel alltid. Det er ingenting å vera redd for. Folk har større sorgar i livet, folk synest nynorsk er fint, folk er positive, folk tenker framover. Folk er fine folk. Det skader ikkje å prøve. Kanskje ønsker sjefen din bevisst å ikkje ha akkurat denne kampanjen eller nettsida på nynorsk, men elles: Korfor ikkje? Hadde vi «nynorskhatande bokmålsbrukar» på plakaten da vi definerte målgruppa vår? Tvil-samt. Dessutan er dei ikkje så mange.

Nynorsk er ikkje eit lite, trua språk slik nokre folk trur. Nynorsk står fjellstøtt, og nynorsken vil overleva oss alle. Men på mange område der nynorsken i dag er *utenkeleg*, er det ingen grunn til at det skal vera slik. Forskjellen kan du og eg gjera ved å bruke nynorsk alltid, uansett og heller bøye oss for eit fleirtalsvedtak der slike finst.

Om du tenker på å ta det på bokmål først som sist for å spare deg for negative reaksjonar, vil eg seia deg: Nei, det treng du ikkje. Det går faktisk heilt fint å ta det på nynorsk. Alltid.

▼ annonse

## Kan det bli betre?




Allt VERDAs  
gåver og bruksting

Nynorsk nettbutikk i grisgrendt strok med vakre handarbeidde ting.

Mange varer frå Fair Trade-sertifiserte leverandørar.

Sjå innom – og bestill i dag, eller klypp ut annonsen for seinare bruk.

[www.allverd.no](http://www.allverd.no)

**Troms**

Studentmållaget i Tromsø

Studentmållaget i Tromsø

**Sør-Trøndelag**

Studentmållaget i Nidaros

Studentmållaget i Nidaros

**Møre og Romsdal**

Søre Sunnmøre málungdom

Søre Sunnmøre málungdom

Molde málungdom

Molde málungdom

Studentmållaget i Volda

Studentmållaget i Volda

NMU Ålesund og omland

NMU Ålesund og omland

**Oppland**

Fron málungdom

Fron málungdom

**Hedmark**

Mjøsa málungdom

Mjøsa málungdom

**Akershus**

Ås studentmålslag

Ås studentmålslag

**Sogn og Fjordane**

Sogndal málungdom

Sogndal málungdom

Firda málungdom

Firda málungdom

**Hordaland**

Sørfjorden málungdom

Sørfjorden málungdom

Studentmållaget i Bergen

Studentmållaget i Bergen

**Oslo**

Katta málungdom

Katta málungdom

Studentmållaget i Oslo

Studentmållaget i Oslo

**Rogaland**

Kongsgård elevmålslag

Kongsgård elevmålslag

Studentmållaget i Stavanger

Studentmållaget i Stavanger

**Aust-Agder og Vest-Agder**

Studentmållaget i Agder

Studentmållaget i Agder

**Østfold**

Østfold dialekt- og málungdom

Østfold dialekt- og málungdom



Lurar du på noko om lokallaga våre?

Vil du kome i kontakt med lokallaget der du bur?

Vil du skipe eit nytt lokallag?

Spør reiseskrivaren vår, Hannah Kolås, på [hannah@nynorsk.no](mailto:hannah@nynorsk.no).

Motmæle presenterer:

# Julekviss!

Børge  
Industav



## MÅLKUNNE

1. Kven var Slovakias Ivar Aasen?
2. Kor mange språk var det i verda i 2015?
3. I rangeringa største til minste språk i verda: Kva plass kom Noreg på i 2015?
4. I kva år vart ordet *nynorsk* brukt fyrste gong i ålmenta?



5. Kva heiter De Forenklede Stater (USA) på nynorsk?
6. Kva er det heimedanske ordet for det fine nynorske ordet *narregauk*?
7. Fire nynorske forfattarar har vore nominerte til Nobels litteraturpris. Kven? (Merk: Me veit berre positivt om nominerte fram til 1965. Svenska akademien held namna på dei nominerte hemmeleg i 50 år!)



## LÅNDKUNNE OG SOGEKUNNE

1. a) Kva land i Afrika var det fyrste til å erklæra seg sjølvstendig etter andre heimskrigen?  
b) Kva år skjedde det?
2. Kva land grensar Bulgaria til?
3. Vestlege land har prøvt seg på ymse krosstog siste tusen åra. Til vanleg mislukka, sjølv sagt. Kva heitte paven som i 1050 kalla Europas kristne fyrstar til krosstog for å frigjera Det Heilage land frå dei vantru?
4. I Nederland rør mange *frisisk* og i Tordedalen talar (enno) sume *meänkieli* (tornedalsk). So vel Frisland som Tornedalen har eige flagg: Kva fargar er det på dei to flagga?
4. Bø heiter to herad i Noreg. Dei ligg i Telemark og Nordland. Kva kallar me ein som kjem frå Bø i Telemark og ein som kjem frå Bø i Vesterålen?
5. Året 1492 er mest kjent av di då kom Christofer Columbus til Amerika. For dei innfødde amerikanarane vart det byrjinga på slutten. For Europa var det ei hending i Granada i Spania 2. januar 1492 som var skilsetjande. Kva skjedde i Granada 2. januar 1492?
6. Etter unionsoppløysinga i 1905 ynskte mange folk å avdanifisera namn på stader og byar. Sumtid oppnorska ein (dei) jamvel danske namn på stader utanfor Skandinavia. Kva heitte *Kapp det gode Håb* (i Sør-Afrika) i nynorske lærebøker i landkunne før 2. heimskrigen?
7. Europa heiter verdsdelen der me bur. Men kva person var Europa?

## MUSIKKKUNNE

1. a) I det svært populære og i kvalitetsmessig elendige Melodi Grand Prix / Eurovision Song Contest, var ein nynorsk song det norske bidraget. I kva år var «Alle Mine Tankar» det norske tilskotet til MGP?  
b) I kva år fekk ikkje-engelsktalande land lov til igjen å syngja på engelsk i MGP?
1. Vilde Hjelte og Anna Naustdal vann Melodi Grand Prix Junior 2016 med songen «Vestlandet» (som dei har skrivne sjølve). Kvar kjem jentene frå?
2. Ein del av målreisinga var framvoksteren av dialekt i musikk og song. Ikkje minst i Nord-Noreg var ein musikkfestival ein årestad for å lyfta nordnorsk mål. Kva heitte denne musikkfestivalen?



3. Hopalong Knut fekk NMUs dialektpris i 2006. Kvar i Noreg kjem bandet frå?
4. Kven sa at det «er feigt å syngje på engelsk»?

Bilte: Geir Mogen

## Fasit

### MÅLKUNNE

1. Ludovic Stur
2. 2012 (Kjelde: Språktakta/Assentunet)
3. Nr 132
4. 1877 (A. Garborg: «Den ny-norske språk og Nationalitetsbevaring». Et forsøg på en omfattende Redegjørelse formet som polemiske Sendebrev til Modstræverne)
5. Sambandsstarene
6. Taskenspillet
7. Arne Garborg, Olav Duun, Hans Holm og Tarjei Vessas

### LÅNDKUNNE

1. Svar: a) Ghana. b) 1957. 1 poeng for kvart svar
2. Romania, Hellas, Tyrkia, Makedonia og Serbia
3. Pave Urban 2.
4. Svar: Frisland = raudt, kvitt og blått. Tornedalen: gult, kvitt og blått. 1 poeng for kvart svar
5. Svar: Bohering (Telemark), Bøfjording (Vesterålen) 1 poeng for kvart svar
6. Den siste arabiske høgborga vart teken av Los Reyes Católicos (Isabella I. av Castilla og Ferdinand II av Aragon) – det fullførde Reconquista: forvistinga av alle jødar og muslimar i den spanske inkvisisjonen. Det sponsa og størtisa for gromguten fra Genova, Cristóbal Colon.

### MUSIKKKUNNE

1. a) 1993 b) 1999 (i byrjinga frå 1956 til 1965 var det ingen reglar for kva mål landa skulle syngja på) 1 poeng for kvart svar
2. Nordfjordeid
3. Trollhampen
4. Hommevik (Malvik)
5. Joachim Nilsen (Jokke & Valentinerne)

### 7. God-von-reset

8. Et fonkisk prinsesse, dotter av kong Agenor (av Tyr, i dag er Tyr ein by i Libanon)

# Mitt andre kjærleiksbrev til nynorsken

av Øystein Sandve



Foto: Hordaland fylkeskommune (enn so lenge)

**D**enne våren har vore prega av ei forvaltningspolitisk uro, då regjeringa hadde som mål å slå saman så mange kommunar som mogleg. Angsten og usikkerheita dukka opp. Kor mange kommunar kjem til å slå seg saman? Kor mange nynorskkommunar i randsone forsvinn? Ein stod i fare for å lesa om kommunale tragediar om ein bladde i lokalavisa eller om ein forvilla seg til ei nettavis. Kreftene for samanslåing var nådelause, og fleire kommunar måtte innsjå at slaget var tapt. Då hysteriet endeleg hadde roa seg, spretta eg Mozellan og skulle til å sjå på gøyale kattevideoar på verdsveven. Utmatta etter gnålet om distriktspolitikk sette eg meg ned framfor skjermen. Men lat meg no berre sjekka nokre nettaviser først. På skjermen stod det ordkombinasjonar som vekke liv i den distriktspolitiske uroa igjen. Sogn og Fjordane, Rogaland og Hordaland vil slå seg saman til ein Vestlandsregion i 2020. Framifrål Denne nye regionen har jo moglegheit til å verta den nynorskbastionen!

Men i intensjonsavtalen som vart lagd fram i haust, var ikkje nynorsk eit sjølvstøtt val som administrasjonsspråk i Vestlandsregionen. Fylkesordføraren i Rogaland, Solveig Ege Tengesdal, ville det annleis. Ho meinte at nynorsken var «unaturleg» for rogalendingane, og fekk dei andre til å gje etter for det destruktive ønsket hennar. Er nynorsken verkeleg «unaturleg» for rogalendingane? Ja, kanskje for dei urbane fjesa i fylket kan nok dette stemma. Men då feiar ho til side store delar av dei andre rogalendingane. Som jærbu er ikkje synet hennar i tråd med mitt. Eg møtte nynorsken kvar dag på grunnskulen og

i lokalavisa Jærbladet. Eg skreiv til og med mitt første kjærleiksdikt, til ei jente som heitte Elise, på nynorsk. Me vart aldri i lag.

Det forundrar meg at fylkesordførar Tengesdal ikkje ønskte nynorsk som administrasjonsmål i utgangspunktet. Er ho i det heile klar over kor mange prisar og blommar målrørsla gir til det eine og det andre? Lokallaga i Noregs Mållag er ikkje gjerrige på å gje vekk prisar til lokalkjendisar som har utmerkt seg med song på dialekt eller ei lita diktsamling på kommunens forlag. Songaren Tønnes, som fekk Dialektprisen av «oss» i 2013, fekk ein ny målpris av Rogaland mållag for nokre veker sidan. Med andre ord: Me elskar å gje vekk blomdebukettar og handtrykk. Kven vil ikkje ha det? Tydelegvis fylkesordførar Tengesdal. Berre tenk kor mange prisar Vestlandsregionen hadde fått for sitt nynorske klarspråk! Ho ville fått så mange prisar at det hadde vore umogleg å sjå kva farge kontorveggen hadde. Viss ikkje det er draumen til ein kvar fylkesordførar, så skjønner eg meg ikkje på deira politiske motivasjon.

Heldigvis ser det ut til at målrørsla får stoppa Tengesdals hjartelause planar om ein språknøytral storregion. Til og med forfattar Jon Fosse har hive seg inn i kampen. Teke blyanten fatt. Ein fin blyant dette. Blyanten mot papiret. Papiret vart kjøpt i går. Store ord på papiret. Ord i kampen for nynorsken.

Ja, då veit me at det er seriøst! Fylkesordføraren i Rogaland har uansett fått til éin ting: Ho har fått folk til å engasjera seg for språket sitt. Det er faktisk viktig for folk. Ho, derimot, har lært at ein ikkje køddar med nynorsken.

## Desember

Hugs å be om eksamen på nynorsk! (Og å teikne små ringar på «til og fra»-lappane)

## Januar

13.–15. Vinterleir

## Februar

- 9. Frist for å levere lov- og tuffendingar og melde saker til landsmøtet
- 10.–12. Vinterseminar med Noregs Mållag
- 24.–26. Studentsamling 24.–26. februar

## Mars

24.–26. Landsmøte

## Hugs å betala medlemspengar for 2016!

Har du ikkje betalt medlemspengane for 2016 enno? Da er det på tide!

Du kan betala med sms:  
Send «MEDLEMSPENGAR» til 2090, så blir 70 kroner trekt frå mobilrekninga di!

Du kan òg betala med nettbank: Overfør 70 kroner til 3450.65.48618 og merk betalinga med namnet ditt.

